



Uskedalen er godt representert både på deltakar- og instruktørsida og her er kontingenten frå vår bygd samla i ei pause. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag morgon starta eldsjel og fotballgrupeleiar Arvid Nes årets Tine Fotballskule i strålende ver i Rosendal og han kunne også gle seg over at skulen var fullboka og vel så det: Det er 104 deltakarar dette året og det stod fleire på venteliste som ikkje kom med. Skulen varar i tre dagar og det er varsla finver alle dagane!



Tre deltakarar og ein instruktør frå Uskedalen: Alexander Rebaudo står bak og foran sit Hans Fredrik Zimmer, Johannes Taranger og Bjørn Martin Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er også positivt å sjå at påmeldingane er jamnt fordelt over heile kommunen. Vi har aldri før hatt ein så fin fordeling av deltakarar frå heile Kvinnherad - frå Halsnøy til Rosendal, seier Arvid. Rundt rekna 10 av deltakarane kjem frå Uskedalen og av dei 27 instruktørane er det tre frå vår bygd: Karsten Tungesvik, Dag Rune Myklebust og Alexander Rebaudo. Så seint som for få dagar sidan mangla Arvid nokre instruktørar, men ved starten var også denne staben fullboka.

I tillegg driv ein stab på 10 med matlaging og anna førefallande arbeid og det er eit stort program som skal avviklast på tre dagar. Men dette er femte gongen Tine Fotballskule avviklast og det manglar ikkje rutine. Eit ekstra pluss dette året er at deltakarane no får utfalda seg også på kunstgras.

Høgdepunktet er også dette året på onsdag, då det blir sett punktum med helikopterbesøk med spelarar frå sjølvaste Brann også dette året. Dette året er det Cato Gunntveit og Johan Torbjørnsen (reservekeeper) som kjem luftvegen og det følger også med ein reporter som skal laga reportasje for Brann si heimeside. Også tirsdag kjem det storfint besøk, av 16-åringen Anders Nes frå Rosendal som allereie har eit bein innafor i Brann.

Kva er det så dei unge lærer på fotballskulen? I 'tippslappen' til instruktørane heiter det at dei yngste treng læra deldugeleikar som pasning, mottak, heading, føring, vending, dribling og avslutning.

Klarer ein å læra dei skikkelege innsidepasningar allereie no, er ein med på å leggja eit godt grunnlag for vidare utvikling.

Konsentrasjonen til deltakarane er best i byrjinga av øktene og om morgonen. Legg difor øvingar som krev at elevane føl med til desse tidspunkta. Speleøvingar helst i slutten, står det å lese i 'tippslappen'.

Av Ola Matti Mathisen